OSTERØY KOMMUNE
Plan

KOPI

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Jostein Klette | 23.08.2018 |
| Vår: 14/3495 - 18/16758 | jostein.klette@osteroy.kommune.no | |

# Offentleg ettersyn - Mindre endring av kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan for sjø og strandsone

Mindre endring av kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan for sjø- og vassdrag vert med dette lagt ut til høyring i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 11-17.

Kommunedelplan for sjø og strandsone vart vedtatt 21.02.2018 og mindre endring av kommuneplanen sin arealdel vedtatt 21.02.2018 med mindre administrativ endring 12.07.2018. Det vart her opna for at det i områder avsett til grøn struktur (friområder og park) og friluftsområder i sjø og vassdrag kunne etablerast ulike tiltak på vilkår om at tiltaka hadde som målsetting å leggja til rette for ålmenta sin bruk av områda.

Ved ein feil vart byggjegrensa i desse områda ikkje sett langs føremålsgrensa i desse føremåla sjølv om det i føresegnene vart opna for tiltak. Dette inneber at det ikkje er samsvar med intensjonen i planen og byggjegrensa i plankartet. Kommunen vil difor gjennomføra ei mindre endring av føresegner. For detaljer sjå vedlegg. Det er kun i føresegnene det vert gjennomført endringar.

Vi ber om dykkar uttale innan 27. september 2018.

Med helsing

Jostein Klette
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Vedlegg:**
Mindre endring av byggjegrense mot sjø - kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan for sjø og strandsone
02_FØRESEGNER_KPA_22082018
02_FØRESEGNER_KDPSS_22082018

KOPI

**Post**
post@osteroy.kommune.no
Rådhusplassen
5282 Lonevåg

**Kontakt**
www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Opplysningsvesenets fond | Postboks 353 Sentrum | 0105 | OSLO |
| Statens Vegvesen region vest | Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |

**Mottakar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |

KOPI